



GLOPPEN KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
30 AUG 2006	
Ark.	/
Avd.	/ /

Vår ref.
06/1234-3/ /010 /JAFU

Dykkar ref.

Dato:
29.08.2006

UTTALE FRÅ GLOPPEN KOMMUNE OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA M M

Gloppen formannskap behandla denne saka i møte den 24. august d å, og gjorde slikt vedtak:

I:
Gloppen kommune v/formannskapet har desse merknadene til departementet sine framlegg til endringar i vallova:

1. Utsending av valkort bør ikkje gjerast lovpålagt, men framleis vere ei frivillig sak slik at det enkelte valstyret kan avgjere om utsending er eit nødvendig/føremålstenleg tiltak for sin kommune.

Viss det likevel blir innført eit lovpålegg om utsending av valkort, må staten ved Stortingsval sjølv ha ansvaret for dette, herunder å ta kostnaden med trykking og utsending.

2. Fristen for å ha motteke førehandsrøyster bør ikkje flyttast til tysdag etter valet, men vere på valdagen kl 20:00 (som i dag). Flytting av fristen kan eventuelt vurderast når vi ser effekten av å flytte fram fristen for førehandsrøyste.


Gloppen kommune har elles ingen merknader til endringsframlegga.

II:
Gloppen kommune v/formannskapet meiner at skjæringsdatoen ikkje bør flyttast til 30. juni viss det blir innført ei obligatorisk ordning med utsending av valkort.

Gloppen kommune ser ikkje noko behov å avgrense media sitt høve til å publisere meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen.

-/ Vedlagt er kopi av formannskapet si møtebok, sak 88/06. Bakgrunnen for merknadene går fram av saksutgreiinga i møteboka.

Med helsing


Jan Kåre Puri
assisterande rådmann
tlf. 57 88 38 28

Vedlegg

Postadr.:
6823 Sandane

Telefon:
57 88 38 00

Telefaks:
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:
964 969 124

E post:
post@gloppen.kommune.no



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	24.08.2006	088/06

Avgjerd av: Formannskapet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 010	Arkivsaknr.: 06/1234-2
---	-----------------------	---------------------------

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - UTTALE FRÅ GLOPPEN KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	20.06.2006	Kommunal- og regionaldepartementet	Høyringsnotat med framlegg til endringar i vallova

Saksvedlegg:

Ingen.

Bakgrunn for saka:

Kommunal og regionaldepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i vallova. I tillegg inneheld høyringsnotatet nokre tema der det ikkje er forslag om lovendringar, men der departementet ynskjer høyringsinstansane sitt syn.

Høyringsfristen er 20. september 2006.

Saksutgreiing:

I oversendingsbrevet av 20.06.06 oppsummerer Kommunal- og regionaldepartementet forslaga sine til endringar som dei vil ha uttale til, slik (rådmannen har ikkje brukt tid på å oversette teksten til nynorsk):

A. Det foreslås følgende lovendringar:

1. Kommunen v/valgstyret sørger for at det blir sendt ut valgkort til alle stemmeberettigede som er manntalsført i kommunen, og som har bostedsadresse innenriks (unntatt Svalbard og Jan Mayen).
2. Forhåndsstemmeperioden skal avsluttes:
 - innenriks: Siste torsdag før valgdagen
 - utenriks: Fredag en uke før valgdagen
3. Frist for å søke om å få avgi stemme ved ambulerende stemmemottaking må ikkje settes senere enn siste torsdag før valgdagen.
4. Forhåndsstemmegivningene må vere kommet inn til valgstyret innen kl. 20 første tirsdag etter valgdagen.

5. Velger som er ukjent for stemmemottaker, skal legitimere seg. Dersom velgeren ikke har legitimasjon, kan identiteten bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg.
6. Foreløpig opptelling skal foretas ved manuell telling av stemmesedlene. Foreløpig opptelling av stemmesedlene kan likevel foregå ved et edb-teknisk system dersom det benyttes et annet system enn ved den endelige opptellingen.
7. Kontrolltelling av stemmesedlene pga. avvik mellom foreløpig og endelig opptelling skal foregå manuelt.
8. Foreløpig opptelling av stemmesedler avgitt på forhånd kan starte søndag før valgdagen.

B. Andre tema:

Departementet ønsker høringsinstansenes syn når det gjelder:

Skjæringsdato for manntallet.

Problemstilling: Kan skjæringsdatoen forskyves fra 31. mai til 30. juni i valgåret uten at dette vil gjøre det vanskelig å sende ut valgekort?

Valg og politiske meningsmålinger:

Problemstilling: Bør det innføres restriksjoner når det gjelder mediernes adgang til å publisere meningsmålinger de siste dagene før valgdagen?"

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen si vurdering i saka er i stor grad samordna med rådmannen i Stryn sin merknad.

A. Føreslegne lovendringar:

1. Valkort

Departementet gjer framlegg om lovfesting av utsending av valkort. Sist valkort vart utsendt til alle var ved Stortingsvalet i 2001. Då stod departementet for utsendinga, og staten tok kostnaden med dette. Sidan har utsending vore ei frivillig sak. Ved førehandsrøysting innanriks har det vore krav om valkort. På valtinget har det ikkje vore krav om valkort.

I Gloppen kommune har vi ikkje sendt ut valkort etter at staten slutta med dette etter valet i 2001. Valkort til førehandsrøystinga har vi skrive ut frå valprogrammet etter behov.

(Trykking og utsending av valkort til ca 4.300 røysteføre i Gloppen kommune vart i 2005 kalkulert til ca kr 6,-/kort [trykking og porto] eller totalt ca kr 25.800,-.)

Valkortet er ei påminning til veljarane om det føreståande valet, og det gjev informasjon om kvar veljaren er manntalsført og at veljaren på valdagen må røyste i denne kommunen. Valkortet gjev også informasjon om vallokale og opningstid.

På valtinget i 2005 var det 4 personar som røysta utan å stå i manntalet i Gloppen kommune. Desse røystegjevingane vart forkasta. I 2001 då valkort var utsendt, var det ingen forkasta røyster – utan at vi dermed kan seie at dette har noko med utsending av valkort å gjere.

Etter rådmannen si vurdering bør det ikkje innførast lovbestemt krav om utsending av valkort. Manglande kunnskapar hos veljarane om kvar dei skal røyste er ikkje noko problem på våre

kantar, men rådmannen kan forstå at dette kan vere ei problemstilling i større kretsar med mindre stabil busetting. Det bør derfor framleis vere opp til det enkelte valstyret – utifrå ei vurdering av lokale tilhøve – om valkort skal sendast ut eller ikkje, altså; slik som i dag.

Vi informerer i dag på mange måtar om valordninga, både på kommunen si heimeside og gjennom lokalavisa. Dette er sjølvstakt ikkje gratis. Det kan ikkje for vårt sitt vedkomande forsvarast å bruke ytterlegare 25-26.000 kroner på eit tiltak som nesten ikkje har effekt.

Skulle Stortinget likevel innføre ei tvungen ordning med utsending av valkort, må det vere eit krav frå kommunane at staten fullt og heilt tar ansvaret og kostnaden med slik utsending ved Stortingsval.

Rådmannen tar også med at mange av dei som i 2001 fekk tilsendt valkort ikkje hadde dette med seg – verken ved førehandsrøystinga eller på valtinget – slik at nye kort likevel måtte skrivast ut.

2: Avslutning av perioden for førehandsrøysting

Innanriks: Forslag – siste torsdagen før valdagen
Ved siste val – siste fredagen før valdagen

Utanriks: Forslag – fredag ei veke før valdagen
Ved siste val – siste fredagen før valdagen

Rådmannen har ingen merknader til dette og er samd i at dei føreslegne endringane vil redusere talet på for seint framkomne førehandsrøyster.

Så vidt rådmannen hugsar var det ved siste val ei førehandsrøyst som kom inn for seint (dette blir ikkje protokollert – så her er vi avhengig av "hugsen").

3. Ambulerande røysting

Forslag: Siste frist for søknad om ambulerande røysting vert siste torsdagen før valdagen.

Rådmannen har ingen merknad til denne endringa.

4. Når må førehandsrøystene vere framkomne til valstyret ?

Forslag: Innan kl 20:00 første tysdag etter valdagen

Ved siste val: Innan kl 20:00 på valdagen. (Ved Stortingsvalet 2001 var fristen kl 24:00 første tysdag etter valdagen.)

Lenging av denne fristen vil føre til at det vil ta lenger tid før det endelege valresultatet er klart.

Det er ikkje først og fremst lokalt det er mest om å gjere å få klarlagt valresultatet så fort som råd, men vi føler "trykket", spesielt frå media om rask oppteljing og raske resultat.

Rådmannen vil tru at når det blir lagt opp til at førehandsrøystinga skal avsluttast tidlegare enn ved tidlegare val, så kan det ikkje vere trong for samtidig å forskyve tidspunktet for når

røystegjevingane skal vere framkomne til valstyra. Fristen bør bli verande som ved valet i 2005, i alle fall til vi ser kva effekt endringane på fristane for førehandsrøystinga har å seie.

Rådmannen vil også ta med her at det verkar noko "impulsivt" av departementet å gjere framlegg om å gå tilbake til ei ordning som vart endra så seint som etter valet i 2001. Vi kan ikkje ha det slik at fristen for mottak av førehandsrøystene blir flytta fram og tilbake nesten for kvart val.

5. Legitimering

Forslag: Veljar som er ukjend for røystemottakaren skal legitimere seg. Dersom veljaren ikkje har legitimasjon, kan identiteten stadfestast av ein annan person over 18 år, som legitimerer seg.

Ved siste val: Røystemottakaren kan forlange at ukjent veljar legitimerer seg.

Rådmannen har ingen merknad til denne endringa.

6. Førebels teljing av røystesetlane

I Gloppen kommune blir førebels teljing av røystesetlane gjort manuelt, og forslaget til lovendring vil ikkje føre til endringar. Rådmannen har derfor ingen merknader til denne endringa.

7. Kontrollteljing ved avvik mellom førebels og endeleg teljing av røystesetlane

I Gloppen kommune føregår kontrollteljingane manuelt, og forslaget til lovendring vil ikkje føre til rutineendringar. Rådmannen har derfor ingen merknader til denne endringa.

8. Førebels oppteljing av førehandsrøyster

Forslag:	Førebels teljing av førehandsrøyster kan starte søndag før valdagen
Ved siste val:	Førebels teljing kan ikkje starte før valdagen.

Rådmannen har forståing for at større kommunar kan ha trong for å starte førebels teljing av førehandsrøystene på søndag før valdagen og har ikkje sterke innvendingar mot dette, men risikoen for offentleggjering/lekkasjar vil nok auke når teljinga startar tidlegare.

I Gloppen kommune vil det etter rådmannen si vurdering vere lite aktuelt å starte førebels teljing av førehandsrøyster søndag før valdagen sjølv om det skulle bli opna for det.

B. Andre tema:

1. Skjeringsdato for manntalet

Forslag: Skjeringsdato 30. juni i valåret

Ved siste val: Skjeringsdato 31. mai i valåret. (Litt lenger tilbake var skjeringsdatoen 31. mars.)

Skjeringsdatoen er den datoen som avgjer i kva kommune du skal røyste, sidan manntalet blir utskrive etter folkeregistret denne datoen.

Flytting av skjæringsdatoen fram til 30. juni vil nok sikre at litt fleire av dei som bur i kommunen på valdagen vil ha røysterett i kommunen (fleire flyttemeldingar vil vere registrert). På den andre sida vil fristen for trykking og utsending av valkort (om det blir lovpålagt) bli kort.

Rådmannen sin konklusjon er derfor at skjæringsdatoen kan endrast til 30. juni dersom det framleis blir ei frivillig sak med utsending av valkort. Om ikkje, bør skjæringsdatoen framleis vere 31. mai.

2. Val og politiske meiningsmålingar

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje trong for restriksjonar når det gjeld media sitt høve til å publisere meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

I:

Gloppen kommune v/formannskapet har desse merknadene til departementet sine framlegg til endringar i vallova:

1. Utsending av valkort bør ikkje gjerast lovpålagt, men framleis vere ei frivillig sak slik at det enkelte valstyret kan avgjere om utsending er eit nødvendig/føremålstenleg tiltak for sin kommune.

Viss det likevel blir innført eit lovpålegg om utsending av valkort, må staten ved Stortingsval sjølv ha ansvaret for dette, herunder å ta kostnaden med trykking og utsending.

2. Fristen for å ha motteke førehandsrøyster bør ikkje flyttast til tysdag etter valet, men vere på valdagen kl 20:00 (som i dag). Flytting av fristen kan eventuelt vurderast når vi ser effekten av å flytte fram fristen for førehandsrøyste.

Gloppen kommune har elles ingen merknader til endringsframlegga.

II:

Gloppen kommune v/formannskapet meiner at skjæringsdatoen ikkje bør flyttast til 30. juni viss det blir innført ei obligatorisk ordning med utsending av valkort.

Gloppen kommune ser ikkje noko behov å avgrense media sitt høve til å publisere meiningsmålingar dei siste dagane før valdagen.

24.08.2006 FORMANNSKAPET

088/06 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.